

Langtidsplan for drift og vedlikehald

Vedteke 2.12.2022

Visjon:

**Nynorsk for hovud og
hjarte til heile landet**

Hovudmål frå strategien

Institusjonen vurderer følgjene for økonomi, personell, klima/miljø og universell utforming i alle saker

Suksesskriterium frå strategien:

Tal: Del av Administrativ handbok som er revidert for å ta omsyn til klima/miljø, universell utforming og personell..

Tal: Eigenkapital i prosent av årlege driftskostnader

Handling: Alle styresaker vurderer konsekvensar for økonomi, klima/miljø, universell utforming og personell.

Verdiar:

**Samlande
Kreativ
Påliteleg**

Samfunnsoppdrag:

**Me aukar kunnskapen
og medvitet om nynorsk
skriftkultur**

A Gjennomgang av prioriterte mål

Mål og suksesskriterium i strategi

Relevante mål og suksesskriterium står på framsida av dette dokumentet. Her er dei presisert og konkretisert som grunnlag for vidare oppfølging i denne strategien. Ein del mål og suksesskriterium er dekkja av fleire planar og strategiar.

Mål og suksesskriterium i strategi	Institusjonen vurderer følgjene for økonomi, personell, klima/miljø og universell utforming i alle saker
Presisering og konkretisering	Desse kriteria er viktige å vurdere for drift og vedlikehald ved alle tre einingane.
Prioritert tiltak	Dette blir vurdert i rutinedokument og styresaker.

Eksterne krav og signal

Denne gjennomgangen er for å sikre at andre krav og signal enn dei prioriterte mål og suksesskriteria blir følgd opp.

Eksterne krav og signal	Museumsmelding og tilskotsbrev
Krav	System for drift og vedlikehald, og skal finansiere det med ordinære tilskot.
Signal	Klima og miljø og universell utforming er lagt større vekt enn tidlegare.
Prioritert tiltak	Følgje opp tiltaka for drift og vedlikehald for kvart anlegg.

B Status og tiltak for anlegg

B-1 Hagesenteret

Nynorsk kultursentrum leiger delar av Promenaden 7 (gamle heradshuset) i Ulvik.

Berekraftig drift av arenaen	Klima og miljø	Universell utforming	Tid, kompetanse og arbeid	Økonomi
Utfordring	Senteret kan leggje betre til rette for sykling.	Det er ikkje godt nok tilrettelagt for høyrselshemma.	Det er ikkje eit oppdatert rutinedokument for ansvarlege på arbeid om drift/ vedlikehald.	NK har i dag ei relativt dyr reinhaldsavtale pga. avtalane om sambruk med kommunen. EI-kostnadane kan reduserast.
Prioritert tiltak	Vurdere tiltak for sykkelbruk ved Hagesenteret.	Utarbeide tiltaksliste for å betre tilrettelegging for høyrselshemming i utstillinga.	Oppdatere rutinar for drift og vedlikehald. Revidert husleigeavtale må ha klarare ansvarsdeling.	Ny reinhaldsavtale. Energiøkonomiseringstiltak.

Funksjon for bygning og anlegg	Kommunikasjon	Formidling	Samlingsforvaltning	Arbeidsmiljø
Utfordring	Hagesenteret og kafeen i kjellaren står ikkje fram som eitt samla tilbod for publikum.	Sambruken med heradet om heradsstyresalen blir annleis etter at heradet får eige møterom i sentrumsbygget.	Vilkåra for samlingsregistrering er vanskelege då foto-utstyr ikkje kan stå ferdig oppmontert.	Det har periodevis vore 5 årsverk på arbeid, og det er lite kontorareal.
Prioritert tiltak	Samarbeidsavtale med kafétilbodet i same bygning. Samarbeid bør inn i revidert husleigeavtale	Få tilgang til meir formidlings- og utstillingsareal i heradsstyresalen gjennom revidert husleigeavtale.	Setje av eit rom heile/ delar av året til samlingsregistrering fram til Haguesamlinga er ferdig-registrert (t.d. temautstillings-rommet)	Sjå på høve til å gjere om kontor til tomannskontor eller andre løysingar for å sikre betre kontorareal.

B-2 Vinjesenteret

Nynorsk kultursentrum leiger delar av nedlagte Vinje skule i Vinje.

Berekraftig drift av arenaen	Klima og miljø	Universell utforming	Tid, kompetanse og arbeid	Økonomi
Utfordring	Det er vanskeleg å lade elbilar ved Vinjesenteret.	Det er ikkje HC-parkeringsplass på Vinjar/ Vinjesenteret.	Det er ikkje eit samla rutinedokument for ansvarlege på arbeid om drift/ vedlikehald.	Leigeavtalen er ny og har ikkje vore i bruk lenge.
Prioritert tiltak	Få løysing for elbil-ladar ved Vinjesenteret.	Sikre HC-parkeringsplass nær inngang	Etablere ei enkel rutine for dagleg/ årleg vedlikehald og drift av anlegga.	Ta initiativ til å vurdere leigeavtalen

Funksjon for bygning og anlegg	Kommunikasjon	Formidling	Samlingsforvaltning	Arbeidsmiljø
Utfordring	Tilboda våre i Vinje, og rundt Vinjesenteret må vere synlege som eitt tilbod	Senteret kan sjå ut som ein noko lukka institusjon. Senteret må sjå meir velkomne ut frå vegen.	Delar av Gjestvang-samlinga treng andre oppbevaringstilhøve enn det er i dag.	Nokre feil og manglar ved bygget er ikkje retta opp etter opning.
Prioritert tiltak	Felles skilting for Vinjestoga, Vinjebautaen, Midtbø og Vinjesenteret	Gjere uteområdet ved Vinjesenteret attraktivt for barnefamiliar saman med andre aktørar	Kritiske delar av Gjestvang-samlinga blir flytta til magasin i Ørsta eller Eidsborg.	Rette opp feil og manglar ved bygning og anlegg, med vekt på HMS

B-3 Aasentunet

NK eig frå 2002 gnr. 56 bnr. 18 i Ørsta kommune (1520-56/18). På denne eigedomen ligg hovudbyggnaden, begge parkeringsplassar, heile køyrevegen frå Indrehovdevegen og opp til tunet, Gamlevegen, smia og Gamlemuseet.

NK har festeavtale med /Stiftinga Viti fram til 2049 om eigedomen 1520-56/4. Avtalen er ikkje tinglyst. I følgje kontrakten Sunnmøre museum (nø: Viti) skreiv med familien om overtaking av gamletunet 15.7.1941, kan ikkje eigedomen med hus avhendast, og det kan heller ikkje takast lån på eigedomen. Difor blei det gjort festeavtale i 1999 framfor eigedomsovertaking. På denne eigedomen ligg utescena, stabburet og Steinhuset i tillegg til skogen bak utescena.

Berekraftig drift av arenaen	Klima og miljø	Universell utforming	Tid, kompetanse og arbeid	Økonomi
Utfordring	Uteområdet skal bidra til å ta vare på biologisk mangfald	Delar av eigedomen er lite tilgjengeleg for ulike grupper med funksjons-variasjonar.	Rutinar og system er gjennomførte, men ganske personavhengige.	Det er større vedlikehalds-behov på byggnaden no når den har passert 20 år.
Prioritert tiltak	Utarbeide plan for vedlikehald for å ta vare på det biologiske mangfaldet i uteområda.	Utarbeide plan for tiltak for å gjere heile eigedomen meir universell tilgjengeleg	Skriftleggjere rutinar for drift og vedlikehald	Følgje opp og oppdatere investeringsplan for Aasentunet kvart budsjett

Funksjon for bygning og anlegg	Kommunikasjon	Formidling	Samlingsforvaltning	Arbeidsmiljø
Utfordring	Kultur- og naturhistoriske verdiar på eigedomen er lite formidla til brukarane.	Det er behov for auka formidlingsareal.	Det er behov for å avklare eigedomstilhøvet til Steinhuset, Utescena m.m. Det er behov for areal for samlingsarbeid.	Det er behov for å tilpasse eigedomen og bygningen at det er fleire tilsette enn opphavleg tiltenkt.

Prioritert tiltak	Skiltplan for heile eigedomen.	Greie ut nytt tilbygg og nybygg vidare, basert på utkast frå 2019 og behov for universell utforming og formidlingsrom.	Avklare eigedomstilhøvet til eigedom 1520-56/4 Gå gjennom bygning for å sikre areal til samlings-foto/ registrering.	Etablere ny sykkel- og varebilparkering Vurdere tiltak for å sikre 2 nye arbeidsplassar. Vurdere biblioteks-arealet som mogleg for meir pause-/ møteareal.
-------------------	--------------------------------	--	---	--

C Tiltaksliste basert på måla

Årlege tiltak

Tiltaka er i prioritert rekkefølge, og blir konkretisert og prioritert i den årlege handlingsplanen. Dei første tiltaka blir prioritert først når ein skal prioritere mellom tiltaka.

Nr	Tema	Mål/ tiltak	Ansvar
1	Haugesenteret	Oppdatere rutinar for drift og vedlikehald.	Arena Hauge
2	Vinjesenteret	Etablere ei enkel rutine for dagleg/ årleg vedlikehald og drift av anlegga.	Arena Vinje
3	Aasentunet	Skriftleggjere rutinar for drift og vedlikehald	Administrasjonssjef
4	Aasentunet	Følgje opp og oppdatere investeringsplan for Aasentunet kvart budsjett	Administrasjonssjef
5	Alle	Følgje opp leige- og driftsavtalar	Administrasjonssjef

Tiltak gjennom perioden

Tiltaka er i prioritert rekkefølge, og blir konkretisert og prioritert i den årlege handlingsplanen. Dei første tiltaka blir gjort tidleg i perioden, og dei siste vert gjort ved tid og høve seinare i perioden.

Nr	Tema	Mål/ tiltak	Ansvar
1	Haugesenteret	Setje av eit rom heile/ delar av året til samlings-registrering fram til Hauge er ferdig-registrert (t.d. temautstillings-rommet)	Arena Hauge
2	Vinjesenteret	Sikre HC-parkeringsplass nær inngang	Arena Vinje
3	Vinjesenteret	Rette opp feil og manglar ved bygning og anlegg, med vekt på HMS	Arena Vinje
4	Aasentunet	Gå gjennom bygning for å sikre areal til samlings-foto/ registrering.	Direktør
5	Vinjesenteret	Felles skilting for Vinjestoga, Vinjebautaen, Midtbø og Vinjesenteret	Kommunikasjon og digital formidling
6	Vinjesenteret	Gjere uteområdet ved Vinjesenteret attraktivt for barnefamiliar saman med andre aktørar	Arena Vinje
7	Haugesenteret	Ny reinhaldsavtale.	Arena Hauge
8	Vinjesenteret	Kritiske delar av Gjestvang-samlinga blir flytta til magasin i Ørsta eller Eidsborg.	Forsking og samling
9	Haugesenteret	Få tilgang til meir formidlings- og utstillingsareal i heradsstyresalen	Arena Hauge
10	Aasentunet	Vurdere tiltak for å sikre 2 nye arbeidsplassar. Vurdere biblioteks-arealet som mogleg for meir pause-/ møteareal.	Direktør
11	Aasentunet	Etablere ny sykkel- og varebilparkering	Administrasjonssjef
12	Aasentunet	Avklare eigedomstilhøvet til eigedom 1520-56/4	Administrasjonssjef
13	Aasentunet	Skiltplan for heile eigedomen.	Kommunikasjon og digital formidling
14	Haugesenteret	Utarbeide tiltaksliste for å betre tilrettelegging for høyrselshemming i utstillinga.	Arena Hauge
15	Aasentunet	Utarbeide plan for tiltak for å gjere heile eigedomen meir universell tilgjengeleg	Administrasjonssjef
16	Haugesenteret	Samarbeidsavtale med kafétilbodet i same bygning	Arena Hauge
17	Vinjesenteret	Få løysing for elbil-ladar ved Vinjesenteret.	Arena Vinje
18	Aasentunet	Greie ut nytt tilbygg og nybygg vidare, basert på utkast frå 2019 og behov for universell utforming og formidlingsrom.	Administrasjonssjef
19	Haugesenteret	Vurdere tiltak for sykkelbruk ved Haugesenteret.	Arena Hauge
20	Aasentunet	Utarbeide plan for vedlikehald for å ta vare på det biologiske mangfaldet i uteområda.	Administrasjonssjef
21	Vinjesenteret	Ta initiativ til å vurdere leigeavtalen	Arena Vinje